

# Arbeidsprosess

## Kommuneplanen sin samfunnsdel

### TIL KOMMUNESTYRET

#### Innleiing

I Volda kommune sin planstrategi (vedteken 29.11.2012) vart det vedteke at fullstendig revisjon av kommuneplanen skulle ha høg prioritet denne planperioden. Våren 2015 vart det laga eit "Utfordringsnotat for Volda kommune 2015" og Planprogrammet for samfunnsdelen vart vedteke av Volda kommunestyre 27. august 2015.

Sidan da har det vore gjennomført ei rekke medverknadsprosjekt, med mål om å sikre brei deltaking i prosessen. Innspela frå dei ulike medverknadsprosjekta vert overrekk kommunestyret, som grunnlagsdokument for kommuneplanen. Innspela har, saman med nasjonale, regionale og lokale føringar, vore brukt som grunnlag for utarbeiding av eit utkast/arbeidsdokument til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Torsdag 25. februar er det planlagt eit heildags-arbeidsmøte med kommunestyret. Utkastet/arbeidsdokumentet vil danne utgangspunkt for gruppearbeid og diskusjonar denne dagen.

#### Vidare framdriftsplan

28. januar	Orientering om kommuneplanen sin samfunnsdel i kommunestyremøtet Utdeling av innsamla innspel.
(februar	arbeid i partigruppemøte el.)
(17. februar	Møte i regionalt planforum; prosjektgruppa presenterer utkast til plan for fylkeskommunen og Fylkesmannen).
25. februar	Arbeidsmøte med kommunestyret (9.00-15.00).
15. mars	Møte i Formannskapet. Vedtak om offentleg høyring av samfunnsdelen.
10. mai	Møte i Formannskapet. Tilråding vedtak samfunnsdelen.
26. mai	Møte i kommunestyret. Vedtak samfunnsdelen.

Det er planlagt oppstart for rullering av kommuneplanen sin arealdel i løpet av våren 2016.

#### Oversikt dokument

Følgjande dokument vert lagt ut på lesebretta:

- 1 Arbeidsprosess. Kommuneplanen sin samfunnsdel. Til kommunestyret. (Dette dokumentet)
- 2 Utfordringsnotat Volda kommune 2015
- 3 Planprogram Samfunnsdelen
- 4 Innspel frå administrasjonen
- 5 Innspel frå arbeidsmiljøutvalet
- 6 Innspel frå ungdomsrådet
- 7 Innspel frå driftsstyret
- 8 Innspel frå forvaltningsstyret
- 9 Innspel frå eldrerådet
- 10 Innspel frå FUNK
- 11 Innspel frå tenketanken
- 12 Innspel frå folk i gata
- 13 Innspel frå studentar
- 14 Innspel frå Volda pensjonistlag
- 15 Innspel frå Volda læringscenter (medverknad skal gjennomførast 4. februar og vil verte lagt ut etter det).
- 16 Utkast/arbeidsdokument kommuneplanen sin samfunnsdel

## Kort om medverknadsprosessen og innspela

Hausten 2015 har det vore prøvd ut ulike metodar for medverknad i samband med kommuneplanprosessen. I kvart av dei ulike "Innspel frå...-dokumenta" står det nærare beskrive korleis dei ulike innspela er samla inn, og kva metodar som har vore nytta. Det har vore forsøkt å nytte metodar tilpassa dei ulike gruppene. Det er også ulikt kor mykje tid som har vore sett av til dei ulike gruppene. Både rådmannen sitt leiarteam og ungdomsrådet har til dømes hatt kommuneplan som tema på dei fleste møta i haust, medan eldrerådet og FUNK har hatt eit møte kvar. Dei fleste av dokumenta inneheld ei oppsummering eller utheving av viktige punkt, slik at det ikkje skal verte naudsynt å lese alt for å få med seg det viktigaste.

Dei innsamla innspela vil også verte publisert på heimesida til Volda kommune ([volda.kommune.no/plan](http://volda.kommune.no/plan)).

## Om kommuneplanen sin samfunnsdel i planstrategien

I Volda kommune sin planstrategi (vedteken 29.11.2012) vart det vedteken at fullstendig revisjon av kommuneplanen skulle ha høg prioritet denne planperioden. Der var det også vedteken at Barnehageplanen og Næringsplanen ikkje lenger skulle vere eigne plandokument, men at desse tema skulle inngå i samfunnsdelen.

I planstrategien er det sett som mål at det skal vere ein meir synleg samanheng mellom Økonomiplanen og kommuneplanen sin samfunnsdel, og at handlingsprogrammet til samfunnsdelen skal verte integrert i økonomiplanarbeidet.

I planprogrammet for samfunnsdelen var det bestemt at Klima og miljø skulle vere eit av hovudtema i planen. Det er naturleg at mål og strategiar for dette tema er kopla opp mot Volda kommune sin klimaplan, og at handlingsdelen for samfunnsdelen (som vil verte utarbeid som ein del av økonomiplanen) samstundes vil fungere som ein rullering av gjeldande handlingsplan for klimaplanen.

## Om utkastet/arbeidsdokumentet

Prosjektgruppa for kommuneplanen (som består av fem personar frå administrasjonen) har gått nøye gjennom alle innspela. Saman med viktige nasjonale, regionale og lokale føringar (nemnd i planprogrammet) har desse danna grunnlaget for utarbeiding av eit utkast/arbeidsdokument for kommuneplanen.

Arbeidsdokumentet inneheld mellom andre mål og strategiar for dei åtte ulike hovudtema Attraktivitet, Busetting, Volda i regionen, Volda sentrum, Folkehelse, Klima og miljø, Tenester og Samfunnstryggleik.

For at ikkje kommuneplanen skal verte for omfattande er det bestemt at kvart tema skal ha maksimum fem mål, og kvart mål skal ha maksimum fem strategiar. Måla skal i mest mogleg grad vere målbare, oppnåelege og realistiske. Strategiane skal vise kva kommunen ynskjer å satse på for å realisere målet.

I arbeidsprosessen har administrasjonen også laga tiltakstabell tilknytta måla. Desse tiltakstabellane vil ikkje verte presentert i denne omgangen, men vil vere med i vidare arbeid med handlingsdel, økonomiplan og budsjett.

Døme på mål, strategiar og tiltakstabell:

### MÅL FOLKEHELSE:

*Redusere talet på barn og unge med overvekt og fedme.*

### STRATEGIAR:

- *Legge til rette for meir fysisk aktivitet i barnehage, skule og fritid.*
- *Vidareutvikle gang- og sykkelstiar til skular og fritidsarenaer.*
- *Legge til rette for stimulerande leikeplassar i bu- og nærområda.*
- *Legge til rette for gode og trygge tilkomstar til natur og friluftslivsområde.*
- *Styrke informasjon om livsstil, kosthald, fysisk aktivitet og helse.*

Tiltak	Ansvar	Økonomi	Tid
Auke kapasiteten i helsestasjon og skulehelsetenesta	Opplæring og oppvekst		
Lyssetting langs gang-, sykkel og turveggar	Teknisk		
Sikring, skilting og marknadsføring av eksisterande turveggar	Utvikling i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar		
Stimuleringstilskot til grendautval som vil utbetre og vedlikehalde leike- og aktivitetsområde	Kommunestyret		
Vedtektsfeste at barnehagar, skular og SFO skal følgje nasjonale retningsliner for mat og måltid i barnehagar og skular	Opplæring og oppvekst, barnehagar og skular		
Foreldrerettleiing om kosthald og levevanar	Helsestasjonen og fysioterapitienesta		

Arbeidsdokumentet innehelt også overskriftene "føringar for arealdelen". Målet med desse avsnitta er å synleggjere korleis dei ulike hovudtema i samfunnsdelen påverkar kommuneplanen sin arealdel, og kva tema det er viktig at arealdelen fokuserar på.

### Om arbeidssamlinga 25. februar

Kommunestyret har sett av torsdag 25. februar til å arbeide med kommuneplanen. Det er ynskjeleg at kommunestyret før dette møtet sett seg inn i arbeidsdokumentet og innspela som er samla inn. Det kan også vere ein fordel om dette vert tema på partigruppemøta før arbeidssamlinga.

Detaljert program for arbeidssamlinga er ikkje planlagt enda, men kommunestyret vil sannsynligvis verte delt i grupper, etter hovudtema. Dei enkelte gruppene skal diskutere mål, strategiar og føringar for arealdelen. Målet med arbeidssamlinga er å samle innspel frå politikarane. Det kan til dømes vere framlegg til omformuleringar eller tydelegare konkretisering av mål og strategiar. Det er ynskjeleg at det i hovudsak vert fokusert på mål og strategiar på arbeidssamlinga. Eventuelle framlegg til tiltak vil også samlast inn og takast med i vidare arbeid med handlingsdelen.

Det er ikkje meininga at samfunnsdelen skal vere eit altomfattande oppslagsverk der alle aspekt ved kommunesamfunnet og kommuneorganisasjonen drøftast inngåande, men den bør vere eit fokusert og handlingsretta dokument som peiker ut nokre prioriterte satsingsområde. Skal samfunnsdelen ha politisk relevans og fungere som eit nyttig styringsverktøy er det viktig at politiske prioriteringar kjem tydeleg fram i dokumentet.

Etter arbeidssamlinga vil prosjektgruppa arbeide vidare med planen. Fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune vil også få tilsendt utkastet, og kome med innspel. Det er eit mål at Formannskapet 15. mars skal kunne gjere vedtak om offentleg høyring av planen.



